



# DEN NORSKE KYRKJA

## Høyanger Kyrkjelege fellestråd

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 22.11.2022

### Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellestråd

**Møtedato:** 17.11.2022

**Møtetid:** Kl. 10.00

**Møtestad:** Høyanger kyrkjekontor

#### Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren (ugild i ei sak) Lars Petter Amundrud (deltok under ei sak), Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Rolf Aamot, Torunn Styve (på telefon), Sissel Sørebbø, Kenneth Førde (på Teams), Frode Merkesvik, Andreas Ester.

#### Fråverande:

Tonje Førde Systad

#### Kopi av møteprotokollen går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Tonje Førde Systad, Monica Sunde Tjønnås, Torill Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

#### Sakliste:

#### Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Godkjent utan merknader

#### Meldingssaker

- 44 Soknepresten har ordet**  
Soknepresten snakka om at vi alle innbyrdes er avhengige av kvarandre, som lemene på kroppen.
- 45 Rekneskapsrapport 2022** – Rapporten vart gjennomgått i møtet av kyrkjeverja.
- 46 Tariffoppgjeret 2022** – Tariffoppgjeret er vedteke og kan iverksetjast.
- 47 HK sitt Budsjett og Økonomiplan 2023-2026** – Kyrkjeverja orienterte

#### Vedtaksaker

##### 025/22 Tilsetjing av kyrkjeverje

Det var kome inn 7 søknader. Etter intervju og vurderingar i intervjuutvalet vart ei delt innstilling på dei to best kvalifiserte søkjarane lagt fram for kyrkjeleg administrasjonsutval. Kyrkjeleg adm.utval vedtok ein delt uttale 3/2 som vart lagt fram for HKF.

##### Vedtak :

HKF finn to søkjarar godt kvalifiserte for stillinga, og tilset i denne rekkefylja:

- 1. Stig Jonny Fitje      6 røyster
- 2. Asbjørn Hesjedal    4 røyster

Dersom tilsett nr. 1 takkar nei, får tilsett nr. 2 tilsvarande tilbod og akseptfrist.

**026/22 Tilsetjing av administrasjonssekretær**

Det var 4 søkjarar. Intervjuutvalet innstilte 1 søkjar som best kvalifisert. Kyrkjeleg Administrasjonsutval vedtok ein samrøystes uttale i samsvar med innstillinga, som vart lagt fram for HKF. Representanten Vidar Myren gjekk frå som ugild i saka. Lars Petter Amundrud møtte i staden.

**Vedtak:**

HKF tilset Ali Kharrat i stillinga som administrasjonssekretær i 60% stilling. Stillinga vert å lyse ut på nytt dersom Kharrat takkar nei til jobben. Samrøystes.

**027/22 Tilsetjing av kyrkjelydsarbeider i 1-årig engasjement i 50% stilling**

Det er forhandla fram ein avtale med ein kyrkjeleg tilsett om ho kan gå inn i eit 1-årig engasjement i 50% stilling som kyrkjelydsmedarbeider innanfor trusopplæring. Ho har sagt ja til dette, og Kyrkjeleg Administrasjonsutval har samrøystes slutta seg til avtalen. Tilsetjingssaka kjem no opp til vedtak i HKF.

**Vedtak:**

Heike Müller vert tilsett i 50% stilling som kyrkjelydsarbeider, avgrensa til 1 år frå 01.01.2023. Samrøystes.

**028/22 Godkjenning av revidert budsjett**

**Vedtak:**

HKF sitt reviderte budsjett for 2023 vert godkjent slik det føreligg.

**029/22 HKF sin møteplan for 2023**

**Vedtak:**

Kyrkjeverja set opp eit framlegg til møteplan 2023, og sender denne ut til medlemene på epost til godkjenning.

**030/22 Søknad om kompensasjon for bruk av eigen bil i tenesta**

**Vedtak:**

Søknaden om kompensasjon for bruk av eigen bil i tenesta vert å avslå.

**031/22 Val av leiar og nestleiar i fellesrådet**

**Vedtak:**

Leiar for 1 år: Sturla Bell Fossen

attvald med akklamasjon

Nestleiar for 1 år: Tonje Førde Systad

attvald med akklamasjon

For Høyanger kyrkjelege fellesråd

Bjørnar Otterstein

Kyrkjeverje